
Frå: Alexander <alexander.helle@gmail.com>
Send: torsdag 11. februar 2021 15.21
Til: Are Frøysland Grande
Emne: tilleggsopplysningar søknad GBNR 340/7

Viser til søknad innsendt 31.12.2021, sak 21/10

Eg har forstått det slik at Alver kommune er i ferd med å endre praksis i samband med vurderinga av føresegnspunkt 1.6.8 i KPA for Meland kommune. I samband med dette ynskjer eg å opplyse om følgjande:

- Etter mi meining er tiltaket i samsvar med overordna plan og etablert bruk. Endringa er av så begrensa art at eg stiller spørsmål om det i det heile er å sjå som eit tiltak. Bergen havn vurderar det ikkje som eit søknadspliktig tiltak i sin uttale (som ligg vedlagt opprinnelege søknad). Eg ber om at det på ny vert gjort ei vurdering av om dette er eit søknadspliktig tiltak. Pbl. § 20-5 legg til grunn at kommunen mellom anna skal vurdere søknadsplikt for tiltak som: *mindre tiltak i eksisterende byggverk, mindre tiltak utendørs* samt *andre mindre tiltak som kommunen finner grunn til å frita søknadsplikten*.
- Det er det søkt om ei minimal endring av ei eksisterende bryggje. Eg meiner føresegner i punkt 1.6.8 legg føringer for søknad om nye bryggjer, ikkje eksisterande, og såleis ikkje er relevant
- Sidan eksisterande bryggje skrår innover mot land vil fotavtrykket til nytt tredekke vera minimalt samanlikna med dagens situasjon, i snittperspektiv er det snakk om ca 90cm ut frå dagens dekke, ved fyllingsfot for eksisterande bryggje omlag 40cm. Storleiken på heile endringa er rundt 5-6 m²
- Endring av kaifront vil ikkje føre til endra bruk (som er etablert bryggje tilknytta eksisterande naust)
- Den minimale utvidinga av bryggjekanten er utforma av arkitekt, og er godt tilpassa eksisterande situasjon, terrenget, vil ikkje virka dominerande verknad eller vera til hinder for fri ferdsel. Bryggje et utforma nøkternt med bryggjefront av lokal stein og treverk.
- Om ein vel å leggja punkt 1.6.8 til grunn for sakshandsaminga ynskjer eg å opplyse om at det ligg to naust tilgrensande den eksisterande bryggja, og at denne såleis er å sjå som eit fellesanlegg.
- Formålet med endringa av bryggjekanten er å kunne leggja til bryggje med småbåt for lasting og lossing av fiskeutstyr. Dagens utforming, som er begrensa av 1800talets konstruksjonsmetodar og opnar kun for bruk av kaien ved flo sjø. I vår samtid er det utfordrande for lønsarbeidarar å begrensa fiske til tidevasstabellar.
- Søkar overtok denne landbrukseigendomen i 2017. Den hadde da stått til nedfalls i lang tid. Me har no sett igang eit omfattande arbeid med å restaurera eigendomen, som mellom anna inneheld fleire kulturminner. Som landbrukseigendom er fiske ein del av ressursgrunnlaget for drifta, og me meiner såleis denne tilrettelegginga ivaretek landbruksøkonomiske omsyn. Slike tiltak er og unntekte søknadsplikt jamfør pbl § 20-5 c).
- Eg har kostnadsberekna gjennomføringa av endringa til rundt 4-5000 kr. Om kommunen i si sakshandsaming utløyser gebyrkrav som mangedoblar denne summen ser me ikkje at dette er gjennomførbart. Me vonar kommunen ser ressursbruken på denne saka i samanheng med det veldig begrensa omfanget det her er snakk om.

Me vonar de vil vurdere desse innspela og opplysningane, og at de tek kontakt om det er spørsmål.

Beste helsing
Alexander Helle og Julie Tessem

Fureskjeggvegen 71, 5919 Frekhaug
Telefon 93 83 28 58